



Saksbehandlar: Annlaug Helene Kjelstad, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/8187-6

## **Strategisk plan for kysten 2017 – 2025 - Høyring av planprogram**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Planprogram for strategisk plan for kysten 2017-2025 vert lagt ut på offentleg høyring fram til 15. september 2016, med heimel i Plan- og bygningslova § 8-3.
2. Gjennomføringa av planarbeidet føreset at kommunane vert samde om ei finansiering innafor dei rammene som ligg i saka.

Vedlegg:

Strategisk plan for kysten 2017-2027 – Planprogram – Høyringsutkast – juni 2016

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Framlegg til planprogram for utarbeiding av regional strategisk plan for kysten, vert lagt fram for utlegging til offentleg høyring. Planarbeidet skal skje i tett samarbeid med kystkommunane, - då etter reglane i PBL som regional plan og ikkje som interkommunal plan.

Med grunnlag i høyringa vil det bli lagt meir detaljerte råmer for arbeidet, m.o.t. organisering, formelle møtearenaer, fordeling av kostnadjar, tilsetting av prosessleiar/prosjektleiar m.m.

### **2. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Med bakgrunn i regional planstrategi for 2012 – 2016 og framlegg til ny planstrategi for 2016 – 2020, vidarefører vi arbeidet med ein strategisk plan for kysten. Utarbeiding av eit planprogram er fyrste formelle grep i arbeidet. For å halde framdrifta med mål om å gjere planarbeidet ferdig innan utgangen av 2017, vert det no lagt fram utkast til planprogram på høyring.

#### Historikk - tidlegare vedtak

FT vedtok eit tillegg til regional planstrategi for 2012 – 2016 i sitt møte 11.12.12, sak 53/12:

1. *Fylkestinget vedtek at den regionale planstrategien for Sogn og Fjordane 2012 - 2016 vert komplettert med utarbeiding av ein geografisk avgrensa regional plan for kystområda.*
2. *Hovudtemaet i planen blir knytt til avklaring av arealspørsmål på land og dei nære sjoområda.*
3. *Nærare avgrensing av planområde og tema vert gjort etter ein dialog med kommunane. Fylkesutvalet vil få seg førelagt eit planprogram som tydeleggjer dette.*
4. *Regional plan for kystområda må sjåast i nær samanheng med plan for verdiskaping og regional transportplan vedkommande utviklingspotensiale i kystområda.*

Prosesssen mot kommunane vart starta opp mot slutten av planperioden med bakgrunn i fylkestinget sitt vedtak av 11.06.13, sak 20/13:

*Fylkestinget ser behov for å etablere ein strategisk plan for kysten og ber fylkesrådmannen gjennomføre ein ny prosess med kystkommunane for å kome fram med eit framlegg til korleis ein kan starte opp eit slikt planarbeid i denne planperioden.*

### Sentrale problemstillingar

For å utarbeide ein strategisk plan er det krav om eit planprogram, som skal definere og styre planarbeidet. Planprogrammet definerer nærmere mål og ynskte effektar av planarbeidet, legg råmer for planarbeidet og avgrensingar, lister opp kva tema som vert vurdert inn i planarbeidet, kva som skal utgreiast og metode for utgreiingar, prosess for medverknad, organisering/finansiering og ein framdriftsplan.

Det utfordrande i dette planprogrammet er avgrensing av tema og kva tema som faktisk er aktuelle å greie ut på eit strategisk nivå. Det kan sjå ut som at ei av forventningane frå FT er at planen og skal «avklare arealspørsmål på land og dei nære sjøområda». Arealspørsmål er ein type avklaring vi kjem tilbake til i den nye regionale planen for arealbruk med start i 2018. På strategisk nivå kan det likevel være viktig å drøfte arealbruk og forme ut nærmere retningsliner. Dette kan t.d. være retningsliner for havbruk som kan ligge til grunn for ei heilsakleg arealplanlegging i den enkelte kommune. Når det gjeld avgrensing av tema for planen er føreliggjande planprogram utforma saman med politisk og administrativ leiing i dei 9 kystkommunane.

I det vidare arbeidet vil det bli gjort ei nærmere avgrensing i å spisse kystspesifikke problemstillingar, opp mot meir generelle utfordringar for samfunna i denne delen av fylket. Dette gjeld t.d. tema knytt til kunnskapsgrunnlag om demografi, folketalsutvikling, tenestetilbod, arbeidsplassar, kompetanse og næringsliv.

### Andre opplysningar

Det har vore arbeidd med forankring i kommunane og deira behov for ulike planarbeid. Kommune-reforma og det til dels omfattande arbeidet som på dette området har skjedd i mange kommunar har forsinka arbeidet. Kystplanen kjem no parallelt med at fleire av kystkommunane jobbar med eigne planstrategiar som og kan være tidkrevjande. Det er likevel eit større engasjement for kommunane å delta no, og det kan vere ein styrke å kople arbeidet saman med deira eige arbeid med kommunale planstrategiar

Kystplanen som ein regional strategisk plan vert gjennomført i samsvar med Plan- og bygningslova som regional plan etter §§ 8-1 til 8-4.

Det faglege samarbeidet mellom kommunane Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje, fylkeskommunen og havbruksnæringa har resultert i eit prosjekt: Marine Grunnkart. Dette er ikkje å sjå på som ein del av strategisk plan for kysten, men kan danne noko av kunnskapsgrunnlaget for strategiske val for kommunane.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Arbeidet vil krevje midlar både til eigen prosjekteiar og til gjennomføring av målretta analyser. Det er stipulert eit økonomibehov på om lag 3 mill. kr. Kommunane har signalisert deltaking i finansieringa, men at fylkeskommunen vi må ta kostnadane i 2016 og brorparten av dei totale kostnadane. Fylkesmannen har signalisert at dei vil prøve å bidra med eit mindre beløp. I FU si tilråding til budsjetttrapport pr. 1. tertial 2016 er det sett av 2 mill. kr. til dette. Flora kommune har signalisert å bidra med 200.000 kr.

### Rettslege konsekvensar

Det har vore drøfta med kommunane om vi skal gjennomføre planarbeidet som ein interkommunal plan eller ein regional plan. I PBL er det ulike føringer for dette:

### **§ 9-1. Interkommunalt plansamarbeid**

*To eller flere kommuner bør samarbeide om planlegging etter denne lov når det er hensiktsmessig å samordne planleggingen over kommunegrenser. Samarbeidet kan omfatte alle kommunale plantyper.*

*Interkommunalt plansamarbeid kan igangsettes som gjennomføring av regional planstrategi. Regional planmyndighet eller statlige myndigheter kan anmode kommunene om å innlede et slikt samarbeid når det anses nødvendig for å ivareta hensyn og løse oppgaver som går ut over den enkelte kommune.*

*Når det anses nødvendig for å ivareta og løse nasjonale og viktige regionale hensyn og oppgaver, kan departementet pålegge kommuner å inngå i et slikt plansamarbeid. Herunder kan det bestemme organisering av plansamarbeidet, om hvilke oppgaver samarbeidet skal gjelde og om hvilket geografisk område det skal omfatte. Før slike bestemmelser gis, skal vedkommende kommuner ha hatt anledning til å uttale seg.*

#### **§ 9-4. Overføring til regional plan**

*Et flertall av kommunene kan til enhver tid anmode regional planmyndighet om å ta over planarbeidet som regional plan, på grunnlag av det planarbeidet som er utført.*

*Regional planmyndighet og statlig myndighet kan anmode kommunene om at arbeidet føres videre som regional plan når det anses nødvendig for å ivareta hensyn og løse oppgaver som går ut over den enkelte kommune. Et flertall av kommunene kan samtykke i dette.*

*Departementet kan bestemme at planarbeidet skal føres videre som regional plan. Før slikt vedtak treffes, skal kommunene ha fått anledning til å uttale seg.*

Etter samråd med kommunane er vi samde om at arbeidet skal skje etter reglane om regional plan i Plan og bygningslova, jamfør §§ 8-1 til 8-4.

#### **§ 8-3.Utarbeiding av regional plan**

*Ved utarbeiding av regional plan skal regional planmyndighet samarbeide med berørte offentlige myndigheter og organisasjoner. Statlige organer og kommuner har rett og plikt til å delta i planleggingen når den berører deres virkeområde eller egne planer og vedtak.*

*Regional planmyndighet utarbeider forslag til planprogram i samarbeid med berørte kommuner og statlige myndigheter, jf. § 4-1. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn med minst seks ukers frist. Planprogrammet fastsettes av regional planmyndighet.*

*Forslag til regional plan sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn med minst seks ukers frist. Regionale planer med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særsiktig vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4-2 andre ledd.*

#### **§ 8-4.Vedtak av regional plan**

*Regional plan vedtas med endelig virkning av regional planmyndighet dersom saken ikke bringes inn for departementet etter bestemmelsen i andre ledd, eller annet følger av forskrift til § 8-1 andre ledd. Kommunene, fylkesmannen og berørte statlige organer skal underrettes om vedtaket. Et eksemplar av planen sendes til departementene til orientering.*

#### **Plankonsekvensar**

I arbeidet med regional planstrategi har det vore viktig å sikre forankring inn mot kystkommunane, slik at dei einskilde kommunane forankrar kystplanen inn i eigne planstrategiar. Dette vil bli følgt opp gjennom høyringer og direkte kontakt om planstrategiarbeidet. Kystplanen må også undervesg sikre god integrasjon mot dei ulike planane i den einskilde kommune, som samfunnsdel av kommuneplanen, arealplanar, temaplanar m.m.

Den regionale kystplanen vil gje overordna føringer for anna planarbeid, men vil ikke bli juridisk bindande. Det er særleg inn mot arealdisponering at planen kan gje viktige føringer og premissar for arbeidet som vil kome i kjølevatnet, anten som kommunale eller regionale arealplanar.

#### **Klima- og miljøkonsekvensar**

Klima- og miljøspørsmål vil bli eit viktig tema i planen. I planprogrammet er dei viktige spørsmåla skissert. Det vil bli ei tett kopling mellom kystplanen og revisjon av klimaplanen, for å sikre eit godt og heilskapleg kunnskapsgrunnlag.

## **4. Medverknad og organisering**

I den strategiske planen for kysten er kommunane dei viktigaste partnerane. Fylkeskommunen er og avhengig av ein brei medverknad frå næringsliv, organisasjonar og regional stat. Det er sjølv sagt ope for at lokalsamfunn og enkeltpersonar gjev innspeil til arbeidet og det vil bli lagt til rette for at dette kan skje gjennom kommunane.

Så langt har det vore gjennomført fleire møte med kommunane, der både ordførarar, rådmenn og planleggarar har vore aktørar. Desse møta har vist at planarbeidet vil krevje tett politisk dialog av di spørsmåla i stor grad er av politisk karakter.

Som del av medverknaden vil det under høyringa bli gjennomført eit eige møte med kommunane, der og regional stat vert invitert med, slik at ulike syn og perspektiv kan bli brakt inn i arbeidet alt ved utarbeiding av endeleg planprogram. Fordelane med å samle aktørane på tvers av interesser, er å sikre informasjon som skapar forståing for ulike perspektiv og ulik interesser i prosessen.

Den formelle organiseringa vil bli som ein ordinær regional plan, der det er FU som er den formelle politiske styringsgruppa og planutvalet som ein drøftingsarena for dei regionale problemstillingane. Kommunane vil bli kopla på gjennom ei arbeidsgruppe som skal sikre framdrifta, samt at det vil bli konkretisert faste møtepunkt med kommunane, både på politisk og administrativt nivå.

I arbeidsgruppa vil det vere naturleg med to representantar frå kommunane, ein frå regional stat (FM) og ein frå FK. I tillegg vil vi gjennom høyringa av planprogrammet, og drøfte kva for tema der det er særleg aktuelt å etablere temagrupper. Slike grupper vil bli oppretta og avvikla etter behov.

Planarbeidet vil bli krevjande for å få til ein god logistikk og ei forsvarleg framdrift. Aktørane er difor samde om at vi må engasjere ein prosessleiari/prosjektleiar så snart som råd. Prosjektleiarene skal ha ansvar for organisering av og drift av arbeidsgruppa, temagrupper og dei formelle møteplassane mellom kommunane, organisasjonar, næringsliv og regional stat. Hovudkriteriet for om vi lukkast med ein slik regional plan, er at vi klarar å forankre planarbeidet hjå dei einskilde kystkommunane og skape god forståing og forankring hjå sentrale deler av næringslivet og viktige organisasjonar. Internt i fylkeskommunen er det viktig å sikre god kopling mellom ulike fagområde, og då særleg for å knytte arbeidet opp mot dei ulike regionale planane med handlingsprogram. Fylkesrådmannen si leiargruppe vert nytta som den formelle arenaen for å forankre arbeidet.

## **5. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår til at utkast til planprogram for Regional strategisk plan for kysten vert lagt ut på høyring slik den ligg føre.

Fylkesrådmannen kjenner seg trygg på at arbeidet er godt forankra i kommunane, men at gjennomføringa vert krevjande. Vi er avhengig av at arbeidet vert drive fram gjennom definering av personressursar i tråd med dei vurderingane som er gjort i høve budsjettmessige behov.

For å sikre tid til politisk handsaming av planprogrammet, vert høyringsfristen sett til 15. september 2016.